

Bakvendtland:

1987

Forretningsstanden satsar 25-30 mill. kr i Meieriet:

KOMMUNAL NEDSKJERING, BUSTAD-MANGEL OG DYRTID FOR FOLK FLEST

I valkampen gjør politikarane ein av to ting: Enten lovar dei oss både det eine og andre, men gjør lite og ingenting. Eller så vil dei så gjerne gjøre både ditt og datt for oss, men seier dei ikkje har pengar.

Ikkje pengar? For noe tull:

- * Norges Bank sin internasjonale reserve var på 105 milliardar kr!
- * Overskotet på statsrekneskapen siste 7 åra er over 200 mrd. kr!
- * Bare i 1986 var stats-overskotet på 21 milliardar kr!
- * I juli 1987 var Børs-aksjeomsetninga på 22 mrd. kr!

Trass i all rikdom og milliard-beløp:

- * Eldreomsorga sviktar; det manglar sjukeheimar, trygdebustader og heimeordningar.
- * Bustadbygginga går nedover og folk blir plyndra av renter og avdrag.
- * LO-toppene gjør avtale med NAF om ikkje å gi lønnstillegg.
- * 105.000 ungar manglar barnehageplass.
- * Staten slaktar kommuneøkonomien.

"I Bakvendtland kan alt gå an", står det i visa til Alf Prøysen. Det er ein passeleg karakteristikk på tilstanden i Norge; sosial naud her og milliardoverskot der.

Situasjonen i Høyanger er som landet elles. Staten har svekka kommuneøkonomien med 2,7 mill. kr! Offisielt resultat: "ei viss ajourføring av budsjett -87" og at "etatsjefane er oppmoda å redusere utgiftene". Tvilar noen på kven det vil gå ut over?

Formannskapet påla rådmannen og etatsjefane å komme med nedskjeringforslag på Langtidsbudsjettet. Dersom Manseth får det som han vil, blir helse/sosial, og først og fremst eldreomsorga, sterkt skadelidande. Det allereie vedtatte helse- og sosialsenteret i Lavik går han inn for at "ikkje vert bygd."

Samtidig skal bankane og forretningstanden investere 25-30 mill. kr i "Meieri-prosjektet". Hydro Aluminium går med milliard-overskot. Pengane finst; ikkje bare hos staten, Norges Bank og Oslo Børs. Dei finst også hos rikfolk i Høyanger og hos Hydro. Verdier skapte og betalte av det arbeidande folket, men som vi og samfunnet er frátatt råderetten over. www.pdf-arkivet.no (2020)

Nedskjeringane kjem sjølv om Høyanger treng ei sterk utbygging av helse-/sosialektoren, spesielt eldreomsorga. Den er dårleg som den er. Fleire eldre vil bare gjøre behovet enda meir akutt.

Situasjonen er slik at det

- * trengst 30 nye eldrebustader
- * manglar kanskje 20 sjukeheimsplassar
- * må byggast ut heimesjukepleie og heimhjelp.

Helse-/sosialestaten tok konsekvensen av dette og budsjetterte deretter. Rådmannen vil nedskjering; eldrebustadane er halvert til 15, sjukeheimsplassane er strokne og bare heimesjukepleien er styrka.

Resultatet er at mange eldre ikkje får den omsorga dei sårt treng. Det betyr unødvendig lidning og ofte ein for tidleg død.

Dårleg eldreomsorg betyr stor påkjenning for pårørande. Heile 80 % av eldreomsorga utført privat og gratis heime og hovudsakleg av kvinner. Når det ikkje blir utbygging i takt med "eldre-auken", må fleire bruke fritid til omsorgsarbeid som skulle vore offentleg.

Kommunestyret vil legge seg flate for rådmannen og formannskapet. Alternativ til denne politikken er det bare RV som har.

RV vil at kommunen skal tene interessene til innbyggjarane; unge som eldre. Kommunen skal ikkje vere staten sin forlenga arm og vedta nedskjeringar. RV vil at kommunestyret vedtar helse-/sosialbudsjett slik etaten har innstilt på, eller betre:

Kommunen må omorganisere eldreomsorga. Sjukeheimane må ha to hovudfunksjonar ved å vere

- behandlingscenter for trening og avlastning basert på mellombels opphald.
- busenter basert på fast opphald for dei som ikkje kan flytte heim, eller til anna eigna bustad.

For at dei som kan klare seg sjølve skal kunne reise heim, må ein del forhold ligge til rette:

- Dei må ha fått den hjelp og trening som trengst.
- Heimesjukepleien og heimhjelpa må utbyggast.
- Sikkerhetsalarm for alle som ønsker det.
- Heimane må om nødvendig utbetrast.

Etter kvart som heimetenesta blir bygt ut, vil behovet for fast sjukeheimsplass minke. Frigjort plass kan da nyttast til mellombels opphald.

BUSTAD-MANGEL OG DYRTID

På Dale står byggefeltet ferdig opparbeidd, utan eit hus. Ikkje fordi ingen vil bygge, men fordi ingen kan. Men fordi Husbanken er tømt. Staten har ikkje løyvd nok pengar til at dei som ønskjer det, skal få seg ein bustad.

Ikkje bare vanleg bankrente, men også Husbankrenta har auka enormt. Saman med høgare bruttoskatt fører dette til at vanlege folk, spesielt unge, blir plyndra av buutgifter.

Regjeringa veit dette opprører folk. Det er ein situasjon stikk i strid med vallovnadene. At det er ein menneskerett å bu bra og at bu-utgiftene ikkje skal overstige 20 % av lønna.

I "valkampens hete" har Gro derfor lova 1 milliard kr ekstra neste år. Men dette er magert valflesk og mest bein: Dersom Høyanger får sin forholdsvise del av denne milliarden utifrå folketal, betyr det, ja, hald dykk fast: 2 - to - nye bustader!

I Høyanger er det først og fremst dei som bur i burettslaga som har fått merke prisauken. På Høgebakkane er husleiga i dag 2,5 gonger så høg som i 1983. Den har auka frå 1.150 til 3.000 kr.

RV tok bustad-dyrtida opp i kommunestyret. Vi foreslo at kommunen skulle protestere mot dei skyhøge buutgiftene og sende ein uttale til staten. Forslaget fikk bare RV si stemme; ikkje ein gong SV kunne tone flagg! Eller det kanskje var det dei gjorde?

Naturlegvis kjenner dei fleste til busk-agitasjonen frå Gro sine alltid trufaste disiplar: RV har sjølv auka bu-utgiftene til folk med å verne dei gardane som gir dei minst dyre tomtane. Ja, kva skal vi seie? Ikkje bare RV, men også DNA har jordvern i programmet sitt. Vi har jo bare vore meir konsekvente.

Men DNA sin busk-agitasjon mot RV har også eit anna siktemål. Den skal avleie misnøya mot kommunale avgifter og straumprisar. I perioden har kommunestyret, bare mot RV si eine stemme, vedtatt:

- * 30 % auke i vass- og kloakkavgifta
- * 43 % auke i renovasjonsavgifta
- * 40 % auke i straumprisane.

Som om ikkje dette var nok: Kommunestyret vedtok å overta straumforsyninga frå Verket utan på førehand å ha sikra at dei tilsette får behalde "billegstraumen"! RV stemte mot.

Nedskjeringane, manglande eldreomsorg, bustadmangelen og dyrtida vil bli forsøkt rettferdiggjort med påstandar om pengemangel. Dei same påstandane blir brukte mot RU sin politikk. RU sin politikk for at folk ikkje skal godta nedskjeringar, at eldreomsorga sviktar, at det er bustadmangel og at avgifter/prisar aukar.

Pengar finst nok av. Ikkje i vanlege folk sine lommebøker og i dei kommunale budsjetta. Men hos dei store bedriftene, bankane og forsikringselskapa. Hos staten og på Oslo Børs.

Desse pengane er ikkje skapte av direktørar og banksjefar, men av vanlege folk sitt verdiskapande arbeid. Det er snakk om verdier som som gjør summen av statsbudsjettet og alle kommunebudsjetta til peanuts. Det er pengar som rikfolk bruker som dei sjølve finn det for godt, utan tanke på eldreomsorg og bustadnaud.

Det er desse verdiane RU meiner at samfunnet må ta hand om og bruke der folk treng det. Det er desse verdiane som mogeleggjør realisering av RU sin politikk og RU sitt program.

HØYANGER TRENG TO RU-REPRESENTANTAR

Kommunestyret har dei siste 4 åra behandla mange saker som er viktige for vanlege folk. Det er saker som barnehagar, eldreomsorg, kommunale avgifter og straumprisar.

RU har ikkje fått gjennomslag for noko fornuftig i desse sakene. Einar Rysjedal har stort sett vore aleine om å stille forslaga og stemme for dei. Med to representantar kan vi få utretta meir. Betre tid til å snakke med folk sakene gjeld, t.d. lærarar i saker som vedkjem skulen. Betre tid til å førebu innlegg og framlegg. Betre tid til å informere folk om kva som skjer. Kort sagt, større evne til å gjøre ein betre jobb.

Stem Raud Valallianse!

HØYANGER RAUD VALALLIANSE